

Mitt idrettsminne

# Kappgang til ære for fred

Det å skrive eit idrettsminne, når ein veit ein ikkje har vore nokon idrettsmann – då vert ein gjerne i ”tvende tvil”. Samstundes er ein komen til skils år og alder, ein spør gjerne seg sjølv: ”Kvifor har eg ikkje vore meir aktiv?”

Det er nok mange ulike forhold som spelar inn. Ikkje minst legning og miljø. Eg var liten av vekst og følte tidleg at eg ikkje var av dei ”tøffaste”, så det å verte ein habil idrettsutøvar – nei, det var ikkje for meg. På same tid likte eg godt å vere med i dei ulike sportsgreiner. Skihopping om vinteren og fotball om sommaren var liksom det store i min oppvekst.

**Holegarden.** Vi fekk grundig innføring i dei ulike sportsgreiner av han Knut-Edvard (Edvard Hole), så eg kan trygt seie vi fekk ein god start. Knut-Edvard kom på mange måtar frå ein idrettsfamilie. Etter det eg forstod hadde far hans, den trivelege Knut-Lars, vore ein habil skyttar i unge dagar. Like eins brørne Ole og Torleif. Dei var også godt i gang med langrenn, terrengløp, baneløp og skyting. Ikkje å undrast at Edvard levde og ånda for sport. Vi sat ofte på den vidkjende steingarden i Holegarden og gledde oss til å bli med Edvard ut i Brattebakkjin på skihopping. For det var skihoppar han satsa på å verte. Brattebakkjin var å sjå på som ein liten Holmenkollbakke. Vi yngste måtte prøve fyrst i ein liten bakke ned på Jo-marka. Elles laga vi hoppbakkar overalt.

Korleis var miljøet elles då vi voks opp? Tida frå 1940 og framover var nok på mange måtar ei spesiell tid. Eg voks opp i ein trygg og god heim, men for ein 3-4 åring var det ikkje så godt å forstå kvifor vi alltid måtte bruke mørke rullgardiner om kvelden, sommar som vinter. Vi vart fortalt at vi måtte vere forsiktige. Det kunne kome karar i uniformer opp i Holegarden. Ein gong dreiv Hole-kjerringane og laga ost fram i ysteriet på Hauen. Vi ungene var der sjølvsagt, i håp om å få skrape ”grytå”, som dei sa. Brått kjem han Jo-Jakob (Jakob Hole) i fullt sprang, inn på ysteriet der kona, ho Jo-Anna var. I fullt ”hæseblæs” ropar han: ”Døkke må sjå å få sløkt, dei kjem heim på Brøvollj!” Før vi visste ordet av det, vart vi ungene stua inn i ”sjylet” med klar ordre om å vere pikkande stille. Der låg vi til vi hadde høyrte dei passere trampande fram og tilbake frå Geithaugen. Episoden sette ein skikkeleg støkk i oss. Grøne klede og uniformsfargar likar eg dårleg den dag i dag.

**Frigjeringsvåren 1945.** Vi er komne til våren og mai 1945. Det var 8.mai og eg var ein tur frå Reitane oppi Garden (Holegarden) der vi ungene dreiv og leika som vanleg. Med eitt har fleire samla seg i Knut-tunet. Eg trur ikkje vi ungene heilt forsto kva som var i emning. Nokon hadde henta fram ein hesjestaur og kvar flagget kom frå veit eg ikkje. Vi ungene leika ”sisten” ned på Jo-marka. Brått kjem han Knut-Erling (Erling Lade) og fleire andre springande nedover marka med flagget mellom seg. Dei ropar av full hals: ”Krigen er slutt. Hurra, hurra, hurra!”

Det var ei uvanleg samkome der oppe på ”Jo-reininnje”. Alle var så utruleg glade. Stemninga var til å ta og føle på. Alle omfamna kvarandre og ynskte kvarandre til lukke. Om ikkje mange dagane var det 17.mai og det var også noko nytt for oss ungane. Det var sjølvstekt ei stor oppleving. Heile den våren vart som ein gledesrus.

**Fredsmarsjen.** Eg kan ikkje tidfeste når fredsmarsjen vart skipa til, men det var ei storhending for eit barnesinn. På mange måtar som eit Konradløp. Det skulle vere kappgang frå Bedehuset og velledalingane skulle gå straumgjerdingane i møte ned til ”Brennjevinsgrova”. Eg og han Øye-Bjarne (Bjarne Hole) hadde på eit vis kome oss ned til Fitjabrua, og der stod vi og venta på dalingane i stor spenning. Brått ropar han Bjarne: ”Der kjem dei”. Og heile folkehopen såg vi passere forbi oss. Det var fint vårvêr og folk gjekk i sin beste stas. Kviteskjorter og mørke bukser. Eg hugsar særleg godt Jo-Jakob og han Pe-Ole (Ole Hjortdal). Sveitten rann og småsteinen spratt ”onda skone” deira der dei vart heia fram av oss som stod i vegkanten.

Ja, dette var eit uvanleg idrettsstemne. I krig er alle taparar, men det utrulege er at alle følte seg som vinnarar. Dette er mitt største idrettsminne – Kappgang til ære for fred !!

**Hopprenn.** Eg kan nemne at eg deltok i hopprenn i Kambedalen på Aure. Ein gong køyrde Brua-Kåre (Kåre C. Brunstad) i ”margarinbilen” sin til Ørskog. Eg hugsar òg Skarebakken i Hevsdalen, Fikjabakken på Fetstølen og Brunstadbakken. Eg hamna oftast langt nede på resultatlistene, noko som kunne vere ubehageleg nok. Når eg tenkjer på hopprenn på Brunstad i 50-åra, og det vart ropt opp at lengda var 42 meter, var eg likevel sist i mi klasse. Då vi kom på Ungdomshuset for premieutdeling, og eg vart spurdt om kva plass eg kom på, hadde eg tenkt ut eit godt svar: ”Eg vart nummer éin – bakfrå”. Ein måtte parere av, for der var alltid einkvan som ville mobbe. Vi lærte å ta både med- og motgang.

Eg vil avrunde med å seie at eg har god tru på Velledalen idrottslag også dei neste 100 åra! Laget har vist stor evne til å stette alt som har med fellesskapet å gjere. Ikkje berre på det sportslege plan, men òg som store brukarar av fellesgoder som butikk og grendahus, og ein forkjempar for vår eigen skule. Dei syter for at Leik, Sport og Ansvar går hand i hand. Og gjennom ”avisa” ”Stort & Smått”, syter dei for at ingen velledaling føler seg gløymd.

Daletun, 27. februar 2006

Reite-Jon  
(Jon Sverre Holmberg)

